



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 05.10.2015
Vår ref.: 2015/6898-6
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Søknad om løyve til Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune. Melding om vedtak.

Vi syner til brev frå NVE dagsett 01.07.15 der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til Clemens Kraft AS sin søknad om å byggja Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 24.09.15 sak PS 215/2015 og gjorde vedtak som går fram av dokumenta under.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Tore Slinning

Arkivnr: 2015/6898-2
 Saksbehandlar: Jan Nordø og Tore Slinning

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	251/15	24.09.2015

Søknad om løyve til Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune. Fråsegn.

Samandrag

Clemens Kraft AS søker om løyve til bygging av Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune. Ei utbygging etter planen det er søkt om, vil gje ein årleg kraftproduksjon på 9,5 GWh. Dette utgjer straumbruken til om lag 475 husstandar. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 11 l/s heile året, som er lik alminneleg lågvassføring. Utbyggingsprisen er estimert til 4,36 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er først og fremst knytte til landskap og friluftsliv, til dels villrein og fisk. Tiltaks- og influensområdet ligg i randsona til Hardangervidda Nasjonalpark, men ikkje i sårbart høgfjell av stor verdi. Likevel vil relativt store inngrepsfrie område med villmarksprega natur falla bort som konsekvens av tiltaket. Villrein kan p.g.a. støy bli skadelidande i utbyggingsperioden, men tiltaket vil høgst sannsynleg ikkje føra til splitting av leveområde. Alminneleg lågvassføring som minstevassføring kan vera skadeleg for aurebestanden i Drøllstølsbekken.

Fjell- og utmarksområda sør for Bjoreio og innover frå tiltaks- og influensområdet er mykje brukt til friluftsliv både sommar og vinter. Areal ligg lett tilgjengeleg frå Rv7 som går gjennom Sysendalen, der det også er oppført eit stort tal fritidsbustader. Eidfjord kommune har dessutan planar om storstilt utbygging i Sysendalen med alpindestinasjon med kapasitet til om lag 3400 brukarar. Det er grunn til å tru at planane vil føra til auka bruk av det svært viktige regionale friluftsområdet som tiltaket kjem i. Fjell-landsby og det eine alpinanlegget (Alpindestinasjon Fetalia) er planlagd tett inn til utbyggingsområdet.

Fråføring av vatn vil visuelt sett vera negativt for friluftsopplevinga langs Drøllstølsbekken. Det vil også traséen for nedgraven røyrgate. Hordaland fylkeskommune krev difor avbøtande tiltak med særleg vekt på høgare minstevassføring, også av omsyn til aure og fossefall, og revegetering.

Ut frå høyringsforslaget er Hordaland fylkeskommune nøgd med at det er teke omsyn til kulturminnelokalitetane ein så langt kjenner til, der røytraseen og den mellombelse anleggsvegen blir justert slik at tiltaka ikkje kjem i konflikt med kulturminna og kringliggjande sikringssoner. Hordaland fylkeskommune gjer likevel merksam på at dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde

NVE har i brev av 01.07.15 send søknaden på høyring med frist 14.09.15. P.g.a. sommarferieavvikling og knappe tidsfristar i høve politisk handsaming før høyringsfristen, blei det søkt om utsett høyringsfrist til 16.10.15. NVE har svart at dei ikkje kunne gje utsett frist då det var ønskeleg med avsluttande synfaring snarast mogleg før snøen kom. P.g.a. fleire klagar på den knappe fristen, har NVE i melding 10.09.15 likevel gjev Hordaland fylkeskommune utsett frist til 30.09.15. Det gjer det mogleg å ta saka direkte opp i fylkesutvalet 23.09.15, men ikkje i kultur- og ressursutvalet sitt møte 10.09.1

Forslag til vedtak

- 1 Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 7 til utbygging av Drøllstølsbekken kraftverk.
- 2 I løyvet må NVE krevja minstevassføring som tek omsyn til opplevingskvalitetane i vassdraget, ein levedyktig aurebestand og hekkande fossefall.
- 3 For fossefall må det setjast opp eigne reirkassar der trygge reirplassar forsvinn
- 4 I høve villrein må støydempende tiltak vurderast i anleggsperioden.
- 5 Revegetering av røyrgetetraséen må ha høg prioritet.
- 6 Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
- 7 Dersom dei skisserte planane om utbygging av alpindestinasjon og fjell-landsby i Sysendalen vert vedtekne, meiner Hordaland fylkeskommune at det av omsyn til friluftsliv og reiseliv kan vera gode grunnar til å gje avslag på søknaden om kraftverk. Hordaland fylkeskommune reknar med at NVE gjer ei separat vurdering av dette spørsmålet med bakgrunn i dei planane Eidfjord kommune har.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015

Alf Helge Greaker sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune rår ikkje til utbygging av Drøllstølsbekken kraftverk."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (V, SV) for Greaker sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 7 til utbygging av Drøllstølsbekken kraftverk.
2. I løyvet må NVE krevja minstevassføring som tek omsyn til opplevingskvalitetane i vassdraget, ein levedyktig aurebestand og hekkande fossefall.
3. For fossefall må det setjast opp eigne reirkassar der trygge reirplassar forsvinn
4. I høve villrein må støydempende tiltak vurderast i anleggsperioden.
5. Revegetering av røyrgetetraséen må ha høg prioritet.
6. Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
7. Dersom dei skisserte planane om utbygging av alpindestinasjon og fjell-landsby i Sysendalen vert vedtekne, meiner Hordaland fylkeskommune at det av omsyn til friluftsliv og reiseliv kan vera gode grunnar til å gje avslag på søknaden om kraftverk. Hordaland fylkeskommune reknar med at NVE gjer

ei separat vurdering av dette spørsmålet med bakgrunn i dei planane Eidfjord kommune har.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.08.2015

1. Innleiing

Clemens Kraft AS søker om løyve etter vassressurslova til å byggja Drøllstølsbekken kraftverk. Kraftverket vil ha inntak 915 m over havet, og kraftstasjonen skal etablerast 740 m over havet i Sysendalen. Småkraftverket vil gje ein årleg kraftproduksjon på 9,5 GWh. Dette utgjer straumbruken til om lag 475 husstandar. Utbyggingsprisen er estimert til 4,36 kr/kWh.

2. Søknaden

2.1. Områdeomtale

Drøllstølsbekken har utspringet sitt på nordre del av Hardangervidda ved Fannanutane sør for Sysendalen/Bjoreidalen. Elva renn ut i Bjoreio nede i Sysendalen ved Fet, sjå figur 1 og 2 under.




Fig. 1 Drøllstølsbekken ligg søraust for Eidfjord i Hardanger




Fig. 2 Nedbørfeltet til planlagt tiltak og restfelt Drøllstølsbekken



Fig. 3 Drøllstølsbekken

2.2. Prosjektskildring




Fig. 3 Situasjonsskart

Drøllstølsbekken kraftverk vil nytta eit fall i Drøllstølsbekken på 175 m frå inntaket 915 moh. til kraftstasjonen på 740 moh.. Vassvegen vil gå i ei grøft på heile strekninga og blir 1600 m lang. Det skal ikkje byggjast permanente vegar, med unnatak av 50 m fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1050 l/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 2620 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,7 MW og gje ein årleg produksjon på 9,5 GWh. Utbygging vil føra til redusert vassføring på ei 1680 m lang strekning i Drøllstølsbekken. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 10l/s heile året, som er lik alminneleg lågvassføring.

Norconsult AS har på oppdrag frå Clemens Kraft AS utarbeidd søknaden. Rådgivende Biologer har utarbeidd rapport som beskriv verknad for miljø, naturressursar og samfunn, samt biologisk mangfald.

3. Verknad for natur og samfunn

3.1. Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Landskapet vert av tiltakshavar vurdert som typisk for regionen, med normalt gode kvalitetar.

Utbyggjar vurderer det vidare slik at bortsett frå fossepartiet øvst i Drøllstølsbekken, er tiltaksområdet lite synleg i landskapsrommet til Sysendalen. I lågareliggjande område finst dessutan hyttefelt aust og vest for vassdraget. Sjølve vassstrengen er lite synleg på avstand fordi den går svakt seinka i terrenget og er omkransa av høgare vegetasjon.

Samla vert terrenginngrepa vurderte til å vera små til middels negative for landskapsinntrykket. Verknaden vil vera størst under og like etter anleggsperioden, vurderer tiltakshavar.

Tiltaket er planlagd ved eit stort inngrepsfritt naturområde (INON) som i hovudsak består av Hardangervidda. Inntaket er tenkt plassert i randsona av, men innanfor inngrepsfritt område. Dette fører til tap av INON. Samla blir det ein auke i areal av INON-sone 2 på 3,2 km², eit netto bortfall av areal av INON-sone 1 på 2,1 km², og eit netto bortfall av areal med villmarksprega område på 3,6 km².

Ein vesentleg del av INON-arealet i og utanfor nedbørfeltet til Drøllstølsbekken er verna som nasjonalpark etter naturvernlova.

Kraftverket vert tilkopla eksisterande 22 kV linje til hyttefeltet like i nærleiken via ein kort jordkabel. Traséen følgjer i hovudsak vegar og opparbeidde område med små naturverdiar. Verknaden av tiltaket vert av tiltakshavar vurdert som liten negativ i anleggsfasen og ubetydeleg i driftsfasen.

3.2. Biologisk mangfald

Av raudlisteartar er berre strandsnipe (NT) knytt til vassdragsmiljøet i tiltaksområdet (Rapport Rådgivende Biologer). Strandsnipe kan bli negativt påverka av redusert vassføring, men tåler iflg. rapporten ein del inngrep i og langs vassvegen.

Det er også registrert fossefall, linerle og sannsynlegvis sivspurv frå Bern-liste II ved Drøllstølsbekken. Redusert vassføring vil iflg. rapporten sannsynlegvis ha middels negativ verknad på fossefall og ingen verknad på linerle og sivspurv.

Det er registrert tre verdfulle naturtypar innanfor tiltaksområdet: Ei nordvend fossesprøytsone og to førekomstar av bjørkeskog med høgstaudar, er alle vurdert som lokalt viktige (C-verdi). I tillegg vert «elveløp» rekna som nær trua naturtype. Elles opptrer iflg. rapporten berre vanlege vegetasjonstypar og vanlege artar av karplantar, mosar og lav.

Redusert vassføring vil kunne gje litt negativ verknad på fuktkevjangende artar langs elveløpet. Med unntak av den øvste førekomsten av naturtypen bjørkeskog med høgstaudar, er det iflg. Rådgivende Biologer berre vanlege artar og vegetasjonstypar som blir påverka. Både vassvegen og dei fleste andre inngrepsområde vil på sikt bli naturleg revegeterte.

Øvre del av tiltaksområdet tangerer Hardangervidda villreinområde. Denne delen av Eidfjord kommune utgjer iflg. rapporten ikkje kjerneområdet for villreinstammen på Hardangervidda, men vert i hovudsak brukt av små flokkar på beite sommar og haust. Eidfjord er likevel omtalt som eit potensielt viktig område for villrein i framtida.

Samla vurderer tiltakshavar Drøllstølsbekken kraftverk å ha liten til middels negativ verknad på terrestrisk miljø.

3.3. Fisk

Det er aure i vassdraget. Redusert vassføring vil gje auka vassstemperatur om sommaren og noko redusert vassstemperatur om vinteren. Dette vil gje redusert produksjon og kan gje svakt endra samansetning av artar av vasslevande organismar på påverka strekning. Av Rådgivende Biologer vert kraftverket difor vurdert å ha liten til middels negativ verknad på akvatisk miljø.

3.4. Kulturminne

Iflg. tiltakshavar er det kjend fire automatisk freda kulturminne frå influensområdet i Drøllstølsbekken; tre anlegg for framstilling av kol og eit jernvinneanlegg. Potensialet for nye funn vert vurdert som relativt stort fordi Sysendalen i tidlegare tider spelte ei stor rolle i samband med jernutvinning.

Planlagd røytrasé og kraftstasjonsplassering ligg nær to av de automatisk freda kolgropene, men med hjelp av lokale tilpassingar på staden meiner utbyggjar at ein relativt enkelt kan unngå konflikt med desse kulturminna og sikringssona rundt desse.

Det finst få nye kulturminne i tiltaksområdet. Tiltaket vil kunne ha nokon negativ verknad på nyare stiar og gamle vegfar langs austsida av elveløpet.

3.5. Samfunns- og brukarinteresser

Fjell- og utmarksområda sør for Bjoreio er mykje brukt til friluftsliv både sommar og vinter. Areal ligg lett tilgjengeleg frå Rv7, som går gjennom Sysendalen, og det er også oppført mange fritidsbustader i dette området i den seinare tid.

Heile tiltaks- og influensområdet er avmerkt som sær viktig regionalt friluftsområde med stor verdi på verdikart for friluftsliv i Hordaland (Område for friluftsliv, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune). Fråføring av vatn vil visuelt sett vera negativt for friluftsopplevinga langs Drøllstølsbekken, men sjølve vassstrengen vert ikkje utnytta til fiske eller andre aktivitetar, sjølv om det går sti inn til Drøllstølen på begge sider av elva. Elles vil iflg. tiltakshavar ulike terrenngrep bli synlege, først og fremst røyrgatetrasé. I og like etter anleggsfasen vil inngrepa også kunne representera fysiske hinder i samband med utøving av friluftsliv. Støy og auka trafikk i anleggsperioden er også negativt for utøving av jakt og andre friluftinteresser, men denne verknaden er kortvarig.




Fig. 4 Trasé for røyrgate, øvre del. Fossen nedanfor inntaket er synleg frå Rv7.

Samla vert tiltaket av utbyggjar vurdert å ha middels til stor negativ verknad på brukarinteressene under sjølvle anleggsfasen og liten negativ verknad i driftsfasen.

Betydeleg areal med skogsmark vert beslaglagt. Iflg. utbyggjar vert denne skogen berre unntaksvis utnytta til vedproduksjon. Tiltaket vert derfor vurdert til å ha liten negativ verknad for skogressursar.

Kraftverket vil i gjennomsnitt produsera straum til om lag 475 hushald. Fallrettshavar vil få inntekter av tiltaket, som også vil auka skatteinntektene til Eidfjord kommune marginalt. I anleggsfasen vil tiltaket generera noko sysselsetjing og auka lokal omsetnad. I driftsfasen vil det vera noko behov for drift/vedlikehald av anlegget. På grunnlag av desse momenta blir tiltaket av utbyggjar vurdert å ha ein liten positiv samfunnsmessig konsekvens.

4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv².

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategi for energiproduksjonen:

Mål for energi: *Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seia ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.*

¹ Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

² Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008.

Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

4. *Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

Konsesjonsområdet høyrer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk inn under Ulvik-Eidfjord delområde med følgjande omtale:

Ulvik-Eidfjord delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Sårbart høg fjell og villrein krev særskilt merksemd og spesielle tiltak, det same gjeld for den viktige villaksbestanden i Eidfjordvassdraget. Ein må vera merksam på at omfang av villmark i verna område kan bli redusert som følgje av utbygging i randsona til større inngrepssone område. Området har store verdiar for friluftsliv med viktige oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda og Hardangerjøkulen. Mykje av vassdragsnaturen er alt regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt.

4.1. Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke vert tiltaks- og influensområdet klassifisert som del av landskapstypen «låg fjellsdalar under tregrensa» av vanleg førekomande karakter i utkanten av eit verneområde (Hardangervidda Nasjonalpark).

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland grensar influensområdet inn mot «sårbart høg fjellsområde» av stor verdi, men sjølv tiltaket ligg som heilheit i tregrensa nedanfor og utanfor høg fjellsområdet. For sårbare høg fjellsområde gjev fylkesdelplanen slike retningslinjer (R4):

1. *I sårbart høg fjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.*

Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusera konfliktgraden.

Som vert påpeikt av tiltakshavar, vil utbygginga føra til relativt stort bortfall av INON-sone 1 (2,1 km²) og villmarksprega område (3,6 km²). Småkraftplanen har ingen føringar for slikt bortfall, men bortfallet vil påverka heilskapsopplevinga av landskapet negativt.

Sidan sjølv tiltaket kjem utanfor sårbart høg fjellsområde og utanfor Hardangervidda Nasjonalpark og det ikkje skal byggjast permanent veg frå kraftstasjonen og opp til inntaket, vurderer fylkesrådmannen konfliktpotensialet som lågt. Av omsyn til opplevinga av elva må likevel NVE stilla krav om monaleg høgare minstevassføring og revegetering.

4.2. Biologisk mangfald

Iflg. Rådgivende Biologer er det registrert strandsnipe (NT) og fossefall, linerle og sannsynlegvis sivpurv (Bernliste II) i den delen av Drøllstølsbekken som blir påverka av tiltaket. Verdfulle naturtypar (fossesprøytzone og bjørkeskog med høgstaudar) har C-verdi. I småkraftplanen sitt verdikart for biologisk mangfald er det bortsett frå villrein, ikkje registrert spesielt sårbare artar og naturtypar.

Som Rådgivende Biologer påpeiker, tangerer øvre del av tiltaksområdet Hardangervidda villreinområde. Denne delen av Hardangervidda høyrer ikkje til kjerneområdet, men er likevel eit potensielt viktig kalvingsområde i framtida. Om slike område seier småkraftplanen (R5.5):

Ei bør som hovudsak unngå tiltak som skaper barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.

Øvre del av tiltaket ligg i ein kløft som allereie ligg som ein naturleg barriere inn i villreinområdet. Tiltaket kan føra til støy i influensområdet i anleggsperioden, men bortsett frå det er lite sannsynleg at utbygginga vil ha negative konsekvensar for villrein.

Med avbøtande tiltak som naudsynt minstevassføring, reirkasser, revegetering og støydemping, vurderer fylkesrådmannen konfliktpotensialet som lågt for temaet.

4.3. Fisk

Det er aure i vassdraget. Som Rådgivende Biologer påpeiker, kan endra vassstemperaturar føra til redusert produksjon. Om aure (innlandsfisk) seier småkraftplanen (R6.4):

Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.

Det er søkt om minstevassføring lik alminneleg lågvassføring like 11 l/s. Slik vassføring kan vera til trugsel for auren i vassdraget. NVE må difor krevja så høg vassføring at bestanden er levedyktig.

4.4. Kulturminne

Fylkesrådmannen viser til vårt brev datert 22.12.2011 med kulturminnefagleg innspel i samband med konsekvensutgreiinga. Det blei her gjort merksam på at ein har kjennskap til fleire automatisk freda kulturminne i området for den planlagde røytraseen. Desse kulturminna består av 1 jernvinneanlegg og 5 anlegg for framstilling av kol, knytt til den omfattande jernproduksjonen i forhistorisk tid på Fet. Dei automatisk freda kulturminna er kartfeste og registrerte i Riksantikvaren sin database «Askeladden» med id. nr. 110777, 110947 (to kolframstillingsanlegg), 110944, 110945 og 110946.

Tiltakshavaren blei difor rådd til å flytte røytraseen slik at tiltaka ikkje kom i konflikt med dei automatisk freda kulturminna. Vi opplyste også at det er generelt stort potensiale for hittil ikkje registrerte kulturminne kring Fet og i Fetalia, men i samband med konsekvensutgreiinga blei det ikkje utført arkeologiske registreringar knytt til undersøkingsplikta i høve § 9 i kulturminnelova. Det viser seg no at områda med størst potensiale ligg innafor areala knytt til planen for Alpindestinasjon Fetalia, der Hordaland fylkeskommune skal gjennomføra arkeologiske registreringar i løpet av inneverande månad.

Ut frå høyringsforslaget er fylkesrådmannen nøgd med at det er teke omsyn til kulturminnelokalitetane ein så langt kjenner til, der røytraseen og den mellombelse anleggsvegen blir justert slik at tiltaka ikkje kjem i konflikt med kulturminna og kringliggjande sikringssoner. Vi gjer likevel merksam på at dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

4.5. Friluftsliv

I Område for friluftsliv er Sysendalen/Maurset S registrert som «svært viktig» regionalt utfartsområde. Heile tiltaks- og influensområdet ligg innanfor dette området, med to merka turstiar på kvar side oppover langs Drøllstølsbekken på utbyggingsstrekket inn mot Drøllstølen og vidare over mot Storlia og Krossdalen.

Det er vanskeleg å seie kor mange som brukar området til friluftsliv, men dalane mot sør er generelt viktige innfallsportar til Hardangervidda. Juvet langs Drøllstølsbekken kan vera rasfarleg vinterstid, men sommarrutene til Drøllstølen gjev tilgang til store inngrepsfrie fjellområde med villmarkspreg, også for den

lokale fritidsbusetnaden. Her vil fylkesrådmannen særleg gjera merksam på hytteområdet på Fet like ved inngangen til utbyggingsområdet. Det føreligg dessutan omfattande kommunale planar om fjell-landsby med alpinanlegg tett inn til tiltaksområdet (Alpindestinasjon Fetalia).

Om temaet friluftsliv seier småkraftplanen (R6.1):

Ein bør visa varsemd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Minstevassføring lik alminneleg lågvassføring vil utan tvil redusera opplevingskvalitetane for friluftslivet i tiltaksområdet, særleg vår og haust, sjølv om dei merka stiane på kvar side av elva dels går noko høgare oppe i lia for forseinkinga som Drøllstølsbekken renn i. Av tiltakshavar vert det opplyst at vasstrengen ikkje vert nytta til fiske eller andre aktivitetar. Nærleiken til eksisterande hyttar og planlagd alpindestinasjon med fjell-landsby tilseier likevel at elva, og då særleg den nedre delen, har potensiale for vassrelatert friluftsliv. NVE må derfor stilla krav om monaleg høgare minstevassføring enn alminneleg lågvassføring (11 l/s tilsvarende 0,011 m³/s), som er svært låg og langt under 5-persentilen 01.05.-30.09. på 0,150 m³/s og middelvassføringa på 1,05 m³/s (1050 l/s).




Fig. 5 Vassføring (m³/s) like nedstraums inntaket, middels år. Elva vert lite synleg vår og haust.

Som tiltakshavar peiker på, vil også røyrгатетraséen bli synleg. Også det vil redusera opplevingskvalitetane.

Slik bruken er i dag, vurderer fylkesrådmannen konfliktpotensialet som middels for temaet. Med omfemnande utbygging av alpindestinasjon med fjell-landsby i influensområdet slik Eidfjord kommune har planar om, vurderer fylkesrådmannen konfliktpotensialet som stort for temaet.

5. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Ei utbygging etter planen det er søkt om, vil gje ein årleg kraftproduksjon på 9,5 GWh. Dette utgjer straumbruken til om lag 475 husstandar. Utbyggingsprisen er estimert til 4,36 kr/kWh, som er noko høgt.

Konsekvensane for ålmenne interesser er først og fremst knytte til landskap og friluftsliv, til dels villrein og fisk. Tiltaks- og influensområdet ligg i randsona til Hardangervidda Nasjonalpark, men ikkje i sårbart høgfjell av stor verdi. Likevel vil relativt store inngrepsfrie område med villmarksprega natur falla bort som konsekvens av tiltaket. Villrein kan p.g.a. støy bli skadelidande i utbyggingsperioden, men tiltaket vil høgst sannsynleg ikkje føra til splitting av leveområde. Alminneleg lågvassføring som minstevassføring kan vera skadeleg for aurebestanden i Drøllstølsbekken.

Fjell- og utmarksområda sør for Bjoreio og innover frå tiltaks- og influensområdet er mykje brukt til friluftsliv både sommar og vinter. Areal ligg lett tilgjengeleg frå Rv7 som går gjennom Sysendalen, der det også er oppført eit stort tal fritidsbustader. Eidfjord kommune har dessutan planar om storstilt utbygging i Sysendalen med fjell-landsby og to alpinanlegg med kapasitet til om lag 3400 brukarar. Det er grunn til å tru at desse planane vil føra til auka bruk av det svært viktige regionale friluftsområdet som tiltaket kjem i. Fjell-landsbyen og det eine alpinanlegget (Alpindestinasjon Fetalia) er planlagt tett inn til utbyggingsområdet.

Fråføring av vatn vil visuelt sett vera negativt for friluftsopplevinga langs Drøllstølsbekken. Det vil også traséen for nedgraven røyrgate. Hordaland fylkeskommune krev difor avbøtande tiltak med særleg vekt på høgare minstevassføring, også av omsyn til aure og fossefall, og revegetering.

Ut frå høyringsforslaget er fylkesrådmannen nøgd med at det er teke omsyn til kulturminnelokalitetane ein så langt kjenner til, der røytraseen og den mellombelse anleggsvegen blir justert slik at tiltaka ikkje kjem i konflikt med kulturminna og kringliggjande sikringssoner. Vi gjer likevel merksam på at dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Med utgangspunkt i dagens bruk og biologisk mangfald i tiltaks- og influensområdet vil fylkesrådmannen med naudsynte avbøtande tiltak rå til konsesjon for Drøllstølsbekken kraftverk. Fylkesrådmannen bed i den samanhengen NVE leggja vekt på følgjande avbøtande tiltak:

- Minstevassføring som tek omsyn til opplevingskvalitetane i vassdraget, ein levedyktig aurebestand og hekkande fossefall
- I høve fossefall oppsetting av eigne reirkassar der trygge reirplassar forsvinn
- I høve villrein støydempande tiltak i anleggsperioden
- Revegetering av røyrgatetraséen

Om dei skisserte planane om utbygging av alpindestinasjon og fjell-landsby i Sysendalen vert vedtekne, meiner fylkesrådmannen at det av omsyn til friluftsliv og reiseliv kan vera grunnar til å gje avslag på søknaden om kraftverk. Fylkesrådmannen reknar med at NVE gjer ei separat vurdering av dette spørsmålet med bakgrunn i dei planane Eidfjord kommune har.

Kopi til:
Tore Slinning